

*Til bønder, bestandsplanområde, valdleiarar og andre interesserte i Sunnfjord kommune*

Sunnfjord kommune er med i eit prosjekt som skal utarbeide metodikk for å dokumentere beitepress på innmarksareal, på ein enkel måte. I samband med prosjektet vert det invitert til møte for orientere om prosjektet og rekruttere bønder som kan tenkje seg å medverke til å utvikle metodikken.

Det vert arrangert møte fire stader i dei samarbeidande kommunane:

**Stårheim, Grendahuset Fram 4. mars, kl 20:00 – 21:00**

**Byrkjelo, Breidarheim, måndag 11. mars kl 20:00-22:00**

**Naustdal kyrkjelydshus onsdag 13. mars kl 20:00 – 22:00**

**Dale Torsdag 14. mars, i kommunestyresalen på Rådhuset, kl 20:00 – 21:00**

På møtet i Naustdal og på Byrkjelo vert det i tillegg lagt opp til informasjon om og drøfting av hjorteforvaltninga, med hovudvekt på fellingsresultat for 2023 oppimot godkjende/vedtekne bestandsplanar og kommunale mål (høvesvis for områda Naustdal-Florø-sørleg Bremanger-Hyen for møte i Naustdal og Gloppefjorden-Breim-Vikane-Indre Jølster for møte på Byrkjelo). Dette vert i etterkant av informasjon om prosjektet. De står fritt til å møte der de sjølv ønsker for å få informasjon om prosjektet og då treng de eventuelt ikkje vere med på den delen av møte som gjeld hjorteforvaltning (viss de ikkje er interesserte i det).

### **Om prosjektet**

Hjortebeiting på innmark reduserer avlingsnivå dei fleste stadar i Vestland, men beitetrykket kan variere mykje frå område til område. I eit nystarta prosjekt leia av Norsk Hjortesenter ynskjer kommunane å kartlegge hjortebeiting i større skala ved å plassere ut beitebur på innmark på ulike stadar, frå overvintringsområde til stadar hjorten held seg om sommaren.

### **Frivillige kan delta**

Vi ynskjer bønder til å delta i denne undersøkinga og ynskjer å dekke stadar med høgt, middels og lågt beitetrykk frå hjort. Bura må stå på fulldyrka jord, helst eng som er fornya siste 5 år. Bura (om lag 3,4 meter x 3,4 meter) skal plasserast ut straks etter påske og stå fram til 1. slått, eventuelt lenger etter avtale. Resultata skal kunne nyttas i hjorteforvaltninga. Interesserte kan ta kontakt med kommunen eller møte på informasjonsmøte.

### **Påmelding**

Møta er opne og det er ikkje nødvendig å melde seg på, men dei som ønskjer å delta i prosjektet og ha beitebur plassert på si innmark kan melde seg på ved å skrive e-post til underteikna eller melde seg som interessert på informasjonsmøte.

***Ved påmelding ønskjer vi litt informasjon om kor det gjeld, om beitepress og når beitepresset er styrt, når normalt haustingstidspunkt er, samt om de har eigne anleggsgjerder som kan nyttast.***

**Vel møtt!**

Med venleg helsing

**Joar Helgheim**

**Einingsleiar landbruk og miljø**

Tlf: +47

57 72 61 21 / 99 20 26 64

**Sunnfjord kommune**

Sentralbord: +47 57 72 20 00

[www.sunnfjord.kommune.no](http://www.sunnfjord.kommune.no)